NJFF
Sogn og Fjordane

# Referat styremøte

**Tid: Måndag 17. april 2023, kl. 18.00**

| Møtt | Ikkje møtt |
|---|---|
| Håkon<br>Ingunn<br>Frode<br>Jøran<br>Jan Erik<br>Torunn<br>Terje (ref)<br>Bjørnar (teams)<br>Reidun (teams) | Henning |

| | |
|---|---|
| Sak 24/23 | **Godkjenning av innkalling, saksliste og referat**<br>Godkjent utan merknad |
| Sak 25/23 | **Referatsaker**<br>**Håkon:**<br>1. mars 2023: Oppstartsmøte Frilutsliv for barn og unge i Førde<br>7. mars 2023: Intervju i Firda: Friluftsliv for barn og unge<br>24. - 25. mars 2023: Viltseminar på Scandic Sunnfjord Hotell<br>25.-26. mars 2023: årsmøte på Scandic Sunnfjord Hotell<br>29. mars 2023: Årsmøte FNF i Førde<br>30. Mars 2023: Medlemsmøte i Fjaler Jakt og Sportsfiskarlag<br>12. april 2023: Styringsgruppemøte Førde - Friluftsliv for barn og unge<br>13. april 2023: Teams møte med Vestland Fylkeskommune - Driftstilskot<br><br>**Reidun:**<br>27.februar, planleggingsmøte Gaularfjellprøven. Teams<br>1. mars, oppstartsmøte Friluftsliv for barn og unge. Teams<br>2-5. mars, Gaularfjellprøven. Gaularfjell<br>6. mars, virksomhetsmøte alle tilsette i NJFF. Teams<br>24-25.mars, viltseminar. Førde<br>25-26. mars, årsmøte. Førde<br>29-30. mars, villreinmøte tiltak Nordfjella. Flåm<br>13. april, budsjett- og rapporteringsmøte Vestland Fylkeskommune. Teams<br>14. april, faggruppe bestandsforhold villrein Nordfjella. Teams<br><br>**Terje**<br>- Viltseminar 24/25.03.23<br>- Årsmøte fnf 29.03.23<br>- Årsmøte S&Fj JFF, 26.03.23<br>**Frode**<br>- Viltseminar, 24/25.03.23 |

| | |
|---|---|
| | - Årsmøte S&Fj JFF, 26.03.23 |
| 26/23 | **Kontakt med lokallaga**<br>- Reidun sender ut oversikt over tidlegare fordeling av lokallag mellom styremedlemmer, vi set opp ny fordeling i neste styremøte.<br><br>- Håkon har vore i kontakt med Fjaler, dei forsøker no å få lokallaget opp og gå igjen, og skal no sette eit foreløpig intrimstyre som kan jobbe for eit nytt styre til hausten. |
| 27/23 | **Velkomen til nye styremedlemer**<br>Håkon ynskjer alle nye og gamle styremedlemmar velkommen, og det vart tatt ein presentasjonsrunde<br>- Styremøter, om lag 1 gong i månaden, ikkje i juli.<br>- Alle forbereder sakene ein er ansvarleg for, og sende inn informasjon og tekst til Reidun innan onsdag før styremøtet.<br>- Referatsaker sendast inn på førehand innan onsdag før kvart styremøte: Alle aktivitetar, møter og mediearbeid ein har gjort i fylkeslag-regi skal komme med her.<br>- Reiserekning kan sendast fortløpande til Reidun og eventuelt frikjøp av arbeid på avtalast for kvar gong.<br>- Bekledning til tillitsvalde, Reidun sjekkar priser.<br>- Den enkelte sitt ansvar for oppfølging av lokallaga: ringe og høyre korleis det går, om dei treng hjelp med noko, minne dei på påmelding til årsmøte, delta på «mitt-lag» saman med dei, besøke dei. Reidun sender oversikt over fordeling av lokallag, vert ny sak i neste møte.<br>- Planleggingsamling, ynskje om vekedag. Kl 1700 med middag. Fastset torsdag 09.november til denne samlinga.<br>- Tillitsvalgtinstruksar bør reviderast i 2023, Reidun sender ut dei instruksane som føreligg og det er ynskje om at alle ser på desse saman med utvala og kjem med innspel. Styret ser på desse i neste møte.<br>- Vi startar planlegging av neste år allereie i september. Då set vi opp kalender med dato, stad og kva aktivitet. Utover hausten planlegg ein alle aktivitetane betre, får inn tilbod på t.d. overnatting etc. På eit felles planleggingsmøte i november planlegg alle utvala / dei ansvarlege sine aktivitetar ved å setje opp budsjett og invitasjonar med prisar og info til alle aktivitetar. Styret set opp sitt eige budsjett.<br>- Det vart tatt opp at det er ynskje om sms varsling dersom møtedato eller tidspunkt vert endra slik at ein sikrar at alle har fått med seg dette. |
| 28/23 | **Møteform med lokallag og tillitsvalde**<br>Det viser seg vanskelig å få folk til å stille på teamsmøte mellom region og lokallag. Det er lite deltaking, og ein er usikker på om informasjonen kjem ut. Korleis kan vi jobbe betre for å nå tillitsvalde, er S&Fj JFF godt nok kjent ute? Kan vi organisere møta på anna vis, slik at det opplevast meir attraktivt og nyttig for tillitsvalde å delta?<br><br>Vi tek opp att denne saka til drøfting i neste møte. |
| 29/23 | **Evaluering harejakt med hund**<br><br>Laurdag 25.02. Fullt, med heile 4 på opplæringsjakt, noko som er svært flott. Ein kjekk dag med harelos so og seie heile dagen, der alle deltagerane var |

| | |
|---|---|
| | nære losen. Dessverre sneik haren seg forbi fleire gongar, og vart kunn sett ein gong. Flott terreng å kunne jakte i (Rongkleiva med Torger). Fint å kunne ha med David Vagstad og støveren Tarja som begge er svært dyktige når det kjem til hare og harejakt. Bør absolutt få til noko liknande ila vinteren som kjem. Gode tilbakemeldingar.<br>Fullteikna kurs. |
| 30/23 | **Evaluering Fagdag smårovvilt**<br><br>04.03. Tor Ola Dehli og Anders Thingnes holdt foredrag om Lokkjakt på rev, og minkfangst/jakt. Færre påmeldte ein forventa, men fekk høyre av Tor Ola at dette var normalt dei seinare åra. Deltagerane var svært engasjerte. Flotte foredrag og engasjerte deltagerar. Absolutt noko å fortsette med, men då kanskje kveldskurs. Anders Thingnes nemnte på at om det var interesse for minkjakt kunne kanskje det vere aktuelt for han å ha med seg nokre på. Tek dette vidare med jaktutvalet. |
| 31/23 | **Friluftsleir for ungdom**<br>2.-4. juni, Nesholmen. Planleggingsmøte tysdag 18. april, er komt seint i gang med planlegging i år. 9 av 70 påmeldte, har ikkje marknadsført leiren enda, ventar til planleggingsmøtet. Flest mogleg frå fylkeslaget må prøve å vere med som leiar.<br>Har invitert Flora jff som medarrangør då det ser ut for at Førde jfl slit for å få mannskap. |
| 32/23 | **Planlagte aktiviteter**<br>Havfiske for damer 15.april 5 påmeldte - Randi<br>Bandhundkurs 22-23.april 5 påmeldt (fullt -venteliste) - Bjørn<br>Bandhundkurs 29-30.april 5 påmeldt (fullt -venteliste) - Bjørn<br>Jentesamling 2-3. juni - Wenche<br>Friluftsleir for unge 2-4. juni - Jan erik |
| 34/23 | **Ymse**<br>Jøran etterlyser om JFF har eit standpunkt ang oppdrett av torsk. Han orienterer om at mange av torskekonsesjonane som dei får ofte, er ei snikinnføring av lakseoppdrett med dei problemstillingane som dette medfører.<br>Jøran kontakter Alv Arne Lyse for informasjon ang torskeoppdrett.<br><br>Reidun orienterer i møtet om eit prosessvarsel sendt frå Negotia til arbeidsgjevar (NJFF) Varselet kjem frå 11 regionsekretærar, deriblant Reidun. Varselet omhandlar lønnsforskjellar, arbeidstider og stillingsinstruksar/titlar. |